



Styre: Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak: 32/21

Møtedato: 11.05.2021

Dato: 30.04.2021

Arkivsaksnr: 2018/1112-

INGHA

FUND-ordninga: Forslag om å gå over til å lyse ut ordninga annakvart år

Dokument i saka

- [Fakultetsstyresak 53/18](#)
- [Fakultetsstyresak 59/19](#)

Bakgrunn

Styret ved Det humanistiske fakultet vedtok på møte 23/10-2018 (sak 53/18) at det skulle innførast ei meritteringsordning for undervisning ved fakultetet (Framifrå undervisar, FUND). Vedtaket fastslo både prosedyren og kriteria for vurderingsprosessen, i tillegg til å fastsetja rammene for dei økonomiske vilkåra som følgjer med ein FUND-status. I vedtaket heitte det at både enkeltpersonar og undervisningsmiljø kunne søkja om status som framifrå undervisar.

Den første runden med tildeling av FUND-status vart gjennomført hausten 2019 (sak 59/19). Etter den første runden med utlysing og dei erfaringane som vart gjort då, fann fakultetet at det var tenleg å presisera og justera ein del punkt i tildelingskriteria og søknadsprosedyren. Dette gjaldt for det første å tilpassa kriteria slik at det vart tydeleg at dei òg gjeld for søknadar om å verta framifrå undervisningsmiljø. Vidare vart det teke inn klarare forventning til konkrete planar for korleis ein FUND-status skal brukast. Endeleg søkte ein å presisera krava til systematikk og kollegialitet i utviklingsarbeidet klargjerast enda meir. Kriteria som gjeld no, kan lesast her: <https://www.uib.no/hf/130956/meritteringsordning-undervisere-ved-det-humanistiske-fakultet#kriterier-for-tildeling-nbsp->.

I 2020 vart ordninga først lyst ut med søknadsfrist 15. juni. Grunna det store arbeidspresset som følgde av alle omleggingane under koronapandemien, vart fristen utsett til 15. september. Då hadde det meldt seg fem søkjarar, og to søkjarar vart meritterte som framifrå undervisarar av fakultetsstyret på møtet i desember.

Erfaringane frå den andre runden med FUND-ordninga tilseier at kriteria for å bedømme søknadane no fungerer bra. Det har likevel vore diskutert om HF skal gå over til ein toårig syklus med ordninga, dvs. at vi lyser ut ordninga annakvart år. Per i dag er det tre framifrå undervisarar ved HF. I eit tiårsperspektiv kan ein tenkja seg at talet er over 20, om vi held fram med å lysa ut kvart år. På Det juridiske fakultet lyser ein ut ordninga annakvart år, så det er ingenting i vegen for at vi kan gjera det same på HF. På Det juridiske fakultet har ein òg gjort ordninga mellombels, dvs. at den som søkjer får statusen for seks år, men kan søkja om fornying på fire år (altså noko tilsvarende HF har når det gjeld framifrå

undervisningsmiljø, sjølv om ein her ikkje kan søkja på nytt). På Det juridiske fakultet er det òg svært konkrete forventningar til kva det vil seia å ha statusen:

«Bidra som ressurs, og gjennomføra og initiera kompetansehevande tiltak for kollegaer på fakultetet til dømes i samarbeid med undervisningsdekanen.

- Yta støtte til miljø og kollegaer som driv pedagogiske utviklingsprosjekt eller emnerevisjonar.

- Delta i utdanningsrelevante komitear slik som til dømes å vurdera søknader om merittering eller godkjenna pedagogisk basiskompetanse.

- Bidra i evaluering av fakultetets studieprogram og emne.»

(Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet, 48/19)

https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/innkalling_04.06.2019_sak_43-62.pdf

Studiestyret hadde saka til drøfting i møte 21.4.21, sak 8/21, og slutta seg til forslaget om utlysing av FUND annakvart år. Her kom det òg innspel om at forventningane til kva dei individuelt meritterte undervisarane skal gjera bør presiserast ytterlegare, og særleg for den første femårsperioden dei er meritterte undervisarar, men utan at statusen vert gjort mellombels.

Dekanatet på HF vil foreslå at ordninga både for individuelle søkjarar og for undervisningsmiljø vert lyst ut annakvart år frå og med hausten 2021, og at krava til individuelle innehavarar av FUND-status vert presiserte i tråd med drøftinga i Studiestyret.

Dette vil innebera at meritterte undervisarar – for dei første fem åra dei har statusen - er forventa å bidra som ressurs, og gjennomføra og initiera kompetansehevande tiltak for kollegaer på fakultetet, yta støtte til miljø og kollegaer som driv pedagogiske utviklingsprosjekt eller emnerevisjonar og delta i utdanningsrelevante komitear og bidra i evaluering av fakultetets studieprogram og emne.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret vedtek at Fund-ordninga både for individuelle søkjarar og frå undervisningsmiljø vert lyst ut annakvart år frå og med hausten 2021, og at krava til individuelle innehavarar av FUND-status vert presiserte i tråd med drøftinga i Studiestyret 21.4.21, sak 8/21. Dette vil innebera at meritterte undervisarar – for dei første fem åra dei har statusen - er forventa å bidra som ressurs, og gjennomføra og initiera kompetansehevande tiltak for kollegaer på fakultetet, yta støtte til miljø og kollegaer som driv pedagogiske utviklingsprosjekt eller emnerevisjonar og delta i utdanningsrelevante komitear og bidra i evaluering av fakultetets studieprogram og emne.

Jørgen Magnus Sejersted
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør